
Saksnr: 2021/4428-2
Saksbehandlar: Jostein Fjærestad

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.09.2021
Fylkestinget		29.09.2021

Avtale knytt til punkt 8 i Angeravtalen

Forslag til innstilling

Fylkestinget godkjenner framforhandla avtale mellom Bergen kommune og Vestland fylkeskommune for terminering av punkt 8 i Angeravtalen.

Samandrag

Bergen fylke og Hordaland fylke vart slått saman til eitt fylke med verknad frå 1. januar 1972, og Bergen kommune vart frå same dato innlemma i Hordaland fylkeskommune. Fleire eigedomar vart overført frå kommunen til fylkeskommunen, og det vart inngått ein avtale mellom partane - Angeravtalen. Det følgjer av punkt 8, Angerklausulen, at eigedomar som ikkje lenger vert nytta til same eller liknande føremål skal vederlagsfritt førast attende til Bergen kommune. I rettssak i 2018 fekk kommunen ikkje medhald i sitt krav om tilbakeføring av 3 skuleeigedomar. Det vart i dommen ikkje teke stilling til varigheita av klausulen. Partane har no framforhandla ein avtale som terminerer punkt 8 i Angeravtalen slik at det ikkje er naudsynt med rettslege skritt for å avklare framtidige rettar.

Rune Haugsdal
fylkeskommunedirektør

Ingrid Kristine Holm Svendsen
avdelingsdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Avtale

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I juni 2011 vart det frå Bergen kommune gjort krav på tilbakeføring av fleire eigedomar som blei overført til Hordaland fylkeskommune i samband med samanslåing av Bergen fylke og Hordaland fylke 1. januar 1972. Bakgrunnen for kravet mot fylkeskommunen var ein etablert avtale mellom partane frå 1971 - Angeravtalen. Punkt 8 i avtalen, Angerklausulen, lyder slik:

Dersom institusjon som vert overført frå Bergen by til Hordaland fylke ikkje lenger skal brukast til same eller liknande føremål som ved overføringa, får Bergen kommune vederlagsfritt attende eigedomsretten til grunn og bygningar som byen har ført over til fylket.

Fylkeskommunen var ueinig med kommunen om at vilkåra i Angerklausulen for tilbakeføring av dei eigedomane som kommunen gjorde krav på var til stades.

Vidare meinte fylkeskommunen at retten til tilbakeføring av eigedomar etter punkt 8 ikkje var evigvarig, men at den måtte sjåast på som ein løysingsrett som var omfatta av lov om løysingsrettar, og at den dermed hadde ei lengstetid med dato for bortfall 1. juli 2015.

Grunna ueinigheita tok Bergen kommune ut stemming mot fylkeskommunen 30. juni 2015. Dom i saka gav Hordaland fylkeskommune rett til å behalde dei 3 skuleeigedomane som var omfatta av søksmålet ut frå vurderingar knytt til Angeravtalen. Bruken blei definert som «same eller liknande føremål».

Dommen tok ikkje stilling til om lov om løysingsrettar gjeld for Angerklausulen, då stemninga uansett var tatt ut før (dagen før) løysingsretten eventuelt gjekk ut. Framtidige rettar er derfor ikkje avklara.

Dei bygga/skuleeigedomane som Vestland fylkeskommune eig og som Bergen kommune kan ha rett på tilbakeføring av, dersom løysingslova ikkje skulle gjelde, er:

NAMN SKULE NO	NAMN I 1972	ADRESSE	GNR BNR
ÅRSTAD VGS (Delar av bygningmassen)	Bergen yrkesskole Bergen lærlingskole	Fjøsangerveien 38 A	162/38
BERGEN KATEDRALSKOLE (Berre bygg med adresse Heggebakken 2)	Bergen tekniske fagskole	Heggebakken 2	166/112
FAGSKOLEN (Bygg med adresse Haugeveien 28)	Bergen sjømannsskole	Haugeveien 28	165/441
FAGSKOLEN (Bygg med adresse Margaretastredet 2)	Bergen kokk- og stuertskole	Margaretastredet 2 (tidl. Tollbualm. 38)	165/461
KYRRE (ikkje i bruk)	Bergen yrkesskole for handel og kontorarbeid	Øvregt. 29	167/1540
AMALIE SKRAM VGS	Klausul overført frå Tanks skole	Lungegårdskaien 40 (Tanks hadde adr. Kong Oscars gate 21)	166/1781, snr. 2 og 3 (klausul inntatt i vedtektene)
LANGHAUGEN VGS	Langhaugen skole	Hagerupsvei 17	160/190 og 191

Eit av desse bygga, Bergen Katedralskole, avd. Kyrre, i Øvregaten 29, er flytta frå tidleg i 2021 og fylkeskommunen har i dag ikkje ein planlagt bruk av bygget.

I vedteken skulebruksplan og etter gjeldande økonomiplan, så skal ny fagskule vere ferdig i 2027. I gjeldande skulebruksplanar er det ingen planlagt bruk av dei bygga som fagskolen disponerer i dag etter at fagskolen har flytta ut. Dette gjeld bygga i Haugeveien 28 og Margaretastredet 2.

I vedlagte avtale blir dei bygga/skuleeigedomane som Vestland fylkeskommune ikkje har ein planlagt framtidig bruk for pt overlevert vederlagsfritt til Bergen kommune når dagens bruk er avslutta.

Eigedomane som vert overført til kommunen er såleis:

- Øvregaten 29
- Haugeveien 28
- Margaretastredet 2

Bergen kommune på si side seier frå seg rettar til dei andre bygga som er omfatta av Angeravtalen.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget har vedtakskompetanse for saka då den har langsiktige økonomiske forpliktingar.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Avtalen inneber ingen direkte kostnader, men fylkeskommunen seier frå seg nokon eigarrettar mot å sikre seg andre.

Klima:

Er ikkje relevant i saka.

Folkehelse:

Er ikkje relevant i saka.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Er ikkje relevant i saka.

Konklusjon

Fylkeskommunedirektøren rår til at vedlagt avtale som opphevar punkt 8 i Angeravtalen vert vedteken.